


Gamlosttinget 2015

29. mai 2016 kl. 20.00



Årsmøtesaker:

1. Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet
Godkjenning av møteinnkallinga
2. Årsmelding for 2015
3. Rekneskap 2015
4. Saker framlagt for årsmøtet
5. Styrets forslag til budsjett for 2015
6. Val av styre og valnemnd



Sak 2: Årsmelding for/frå Norsk Gamalostlag 2015-2016

Norsk Gamalostlag har metta 5000 i "øydemarki."



Kanskje den største hendingi i heile Gamalostlaget si soge, var under Matstreif i Oslo, hausten 2015. Matstreif er den fremste nasjonale matfestivalen i Noreg. Sist var det over 200 000 gjester innom. Det er Matmerk som har eit ovstort messetelt rett framfor Rådhuset i Oslo, der rundt 60 Matmerk-kåra produkt vert bydd fram. Gamalosten er ein av dei. Me er alt inviterte til å vera med hausten 2016 med nye Gamalost-smaksprøvar.

Sist haust var me fire sogningar i full sving for å servera forvitne osloensarar. Ingunn og Per Henning Liljedahl stod med kryla rygg i to dagar og smurde kanapear, medan Alv Reidar Dale og Jens B langa ut til alt og alle, frå mindreårige, til eldre og tannlause. Alt i alt fordufta 5000 smaksprøvar på desse to dagane. For dei som ikkje fordøyer talet 5000, kan dei smørja på 100 gamalostkanapear med smør, Gamalost,

rømme og tytebærsyltetøy. Så er det berre å halda fram med 50 slike økter. Planen er at me til neste Matstreif skal ha klar små informasjonsfaldarar til dei som smakar på godsakene. Dette er fordi me ikkje berre er gavmilde, men fordi me driv litt misjon også.

Elles har Gamalostlaget hatt ei drepende lang brevveksling med skatteetaten. Som de sikkert hugsar, fekk me kr 130 000 hjå Jens Christensen. Dette var meint som sponsorstøtte til Gamalostlaget, men skatteetaten såg på det som gåve. Dersom det var sponsormidlar, hadde Christensen fått skattetrekk for summen, og den summen ville Christensen gje til Gamalostlaget, opp att på. Dersom det var gåve, ville ikkje gjevaren få skattereduksjon, og han måtte betala pengane til staten i form av restskatt. Skilnaden var på godt over kr 30.000. Difor ville me ikkje gje oss så lett. Me meinte Gamalostlaget hadde meir bruk for pengane enn statskassen. Hadde Christensen gjeve pengane til Redningsselskapet eller LHL til dømes, hadde han fått skattetrekk. Me ville vita skilnaden. Me argumenterte for Gamalosten sin helseeffekt, fortalde om heile tre doktoravhandlingar, om årlege Gamalostfestivalar, og om ein matkultur eldre enn stavkyrkjene våre. Siste svarbrevet frå skatteetaten var så innvikla at me gav opp, og Jens Christensen betalte restskatten. Er det nokon av lesarane av årsmeldingi som vil ta opp att kampen, er me sjølv sagt takksame. Gevinsten er vel kr 30.000. Inn til vidare er me sjølv sagt takksame for dei kr 130.000 me fekk frå Christensen.

Gamalostlaget sitt styre har tre arbeidssamkomer siste året der me har drøfta nettsider, innhald på den neste Gamalostfestivalen og Gamalosttinget. For å vera meir etter reglane, burde me sikkert hatt

vanlege styremøte med sakliste og saksnummer og skriftleg innkalling. No har me brukt telefonen for å avtala møte, og me har diskutert det som har vore aktuelt å diskutera. Sidan me ikkje har hatt skriftleg sakliste har ikkje styremedlemene fått førebudd seg skikkeleg til sakene, og det tek leiaren ansvar for. Dette bør bli betre.



Førre Gamalostfestival, i 2015, var på nytt ei vellukka tilskipping. At me profilerer Gamalosten så breitt, i fleire dagar, er gull verd for osten og matkulturen vår. Gamalostlaget tek sjølvstakt ikkje æra for det åleine, men me er no med og "held i" der det trengst. Noko av det flottaste som hende under festivalen i fjor var at styremedlem Ragnar Hove koka Gamalost i hukken ovom Meieriet. Slikt gjev festivalen den identiteten han treng for å vera ekte og onnorleis enn andre festivalar. Kanskje fagseminaret neste år kan vera ysting av Gamalost?

Rita Nilsen gjennomførte doktordisputasen sin om Gamalosten den 28. April 2015. Sidan ho vart småbarnsmor midt oppi dette, var det "vår" professor Siv Skeie som presenterte

forskingresultatet på fagseminaret under Gamalostfestivalen i fjor. Ingebjørg Kongslien var

koordinator.

Me har no i overkant av 60 nye skinnbrevmedlemmer. Me har kapasitet til mange fleire. Skinnbrevi er fine presangar til slike som har alt, men ikkje skinnbrev på veggen.


Takk til alle gode samarbeidspartnarar, både under festivalen og gjennom året elles. Er me verkeleg klar over at me har eit meieri som lagar og fører vidare ein meir enn tusen år gamal mattradisjon?

Me er innmelde i Brønnøysundregisteret med org nr: 912 212 505. Bjørg Hønsi og Joanna Tenold er skrivarar. Autorisert rekneskapsfører er Vik Kontorteneste. Art/bransje: "Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet og arbeida for å ta vare på kulturen og historia rundt osten."

Helsing og takk frå Jens Brekke,
hovding i Norsk Gamalostlag
Mai 2016

Sak 3: Rekneskap

Norsk Gamalostlag



Balanse 31.12.2015

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Eiendeler				
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler				
Finansielle anleggsmidler				
Omløpsmidler				
Fordringer				
1500 KUNDEFORDRINGAR	0	5 000	5 000	0,0
Kundefordringer	0	5 000	5 000	0,0
Sum fordringer	0	5 000	5 000	0,0
Investeringer				
1920 BANK 3800.15.66757	148 063	107 869	-40 194	-27,1
Bankinnskudd, kontanter o.l.	148 063	107 869	-40 194	-27,1
Sum omløpsmidler	148 063	112 869	-35 194	-23,8
Sum eiendeler	148 063	112 869	-35 194	-23,8



Helsik og Takk til Jens Bråke,
 hovding i Norsk Gamalostlag
 Mai 2016

Norsk Gamalostlag




Balanse 31.12.2015

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Egenkapital og gjeld				
Egenkapital				
Innskutt egenkapital				
Opptjent egenkapital				
Udisponert resultat	0	-26 923	-26 923	0,0
2050 EIGENKAPITAL	121 111	121 111	0	0,0
Annen egenkapital	121 111	121 111	0	0,0
Sum opptjent egenkapital	121 111	94 188	-26 923	-22,2
Sum egenkapital	121 111	94 188	-26 923	-22,2
Gjeld				
Avsetning for forpliktelseser				
Annen langsiktig gjeld				
Kortsiktig gjeld				
2400 LEVERANDØRGJELD	-5 848	14 181	20 029	-342,5
Leverandørgjeld	-5 848	14 181	20 029	-342,5
2960 PÅLØPEN KOSTNAD	32 800	4 500	-28 300	-86,3
Annen kortsiktig gjeld	32 800	4 500	-28 300	-86,3
Sum kortsiktig gjeld	26 952	18 681	-8 271	-30,7
Sum gjeld	26 952	18 681	-8 271	-30,7
Sum egenkapital og gjeld	148 063	112 869	-35 194	-23,8



Norsk Gamalostlag
Resultatrekneskap desember 2015



	Verkeleg hittil	Budsjett hittil	Verkeleg hittil i fjor
3300 ANDRE INNTEKTER	1 200	0	2 550
3500 GÅVER	0	75 000	180 000
3900 MEDLEMSKONTINGENT/SKINNBREV	7 700	55 000	9 300
Andre inntekter	8 900	130 000	191 850
Sum driftsinntekter	8 900	130 000	191 850
4300 KJØP BØKER/HEFTER/VINNBINDING	0	0	11 843
4305 KJØP LÆR TL SKINNBREV	0	20 000	1 875
Varekostnader	0	20 000	13 718
Bruttofortjeneste	8 900	110 000	178 132
Dekningsgrad	100,0%	84,6%	92,8%
6500 GRAVERING	1 796	0	4 110
6540 INVENTAR/UTSTYR	0	0	10 000
Verktøy, inventar	1 796	0	14 110
6700 REKNESKAPSHONORAR	6 428	15 000	4 500
6710 HONORAR	3 950	25 000	27 963
Fremmede tjenester	10 378	40 000	32 463
6800 KONTORREKVISITA	0	5 000	97
Kontorkostnader	0	5 000	97
6940 PORTO	0	0	1 000
Telefon, porto	0	0	1 000
7140 RESEKOSTNADER, ikkje oppg.pl.	6 077	15 000	9 089
Reise, diett	6 077	15 000	9 089
7320 ANNONSER	1 925	0	0
7321 REKLAMEKOSTNAD	15 316	35 000	0
Salg, reklame, repr.	17 241	35 000	0
7770 BANK- OG KORTGEBYR	240	0	240
7790 ANNAN KOSTNAD/ÅRSavgift	191	15 000	135
Andre kostnader	431	15 000	375
Sum driftskostnader	35 923	110 000	57 134
Driftsresultat	-27 023	0	120 998
8050 RENTEINTEKT	116	0	113
Finansinntekter	116	0	113
8155 MORARENTER	16	0	0
Finanskostnader	16	0	0
Netto finansposter	100	0	113
Resultat før skatt	-26 923	0	121 111
Resultat etter skatt	-26 923	0	121 111

Revisjonsmelding for Norsk Gamalostlag 2015.

Rekneskapen vert førd av Accountor – Økonomi Sogn as.

Eg har føreteke kontroll på alle billaga mot rekneskapet 2015, som viser eit underskot på kr. 26923,-.

Bankkonto stemmer overeins med kontoutskrift frå Vik Sparebank pr. 31/12-2015.

Eg har ingen merknader og meiner rekneskap 2015 kan godkjennast.

Med helsing

Gerd Tveit
Gerd Tveit

revisor

2015	2014	
118 000	118 000	SUM KOSTNADER
75 000	75 000	Tilsette
10 000	10 000	Sel av reiskap
12 000	12 000	Medlemskontingent vedkomster
3	3	Medlemskontingent vedkomster
12 000	12 000	Medlemskontingent vedkomster
200	200	Medlemsavgift
10 000	10 000	Vorleie kostnader
12 000	12 000	Leie
12 000	12 000	Lease / materialvare
25 000	25 000	Lease
10 000	10 000	Andre variable kostnader
12 000	12 000	SUM VARIABLE KOSTNADER
42 000	42 000	Andre faste kostnader
12 000	12 000	Rekneskapføring
25 000	25 000	Markedsføring
2 000	2 000	Førekomster
42 000	42 000	SUM FASTE KOSTNADER
-2 000	-2 000	DRIFTSRESULTAT

Sak 6: Val

Vårhøva innstiller på at alle representantane tek gjevast

Sak 4: Saker framlagt for årsmøtet

-

Sak 5: Budsjett 2016

Budsjett Gamalostlaget		
	pr stk	2016
Medlemskontingent enkeltpersonar	tal	50
Medlemskontingent enkeltpersonar	300	15 000
Medlemskontingent verksemder	tal	3
Medlemskontingent verksemder	5000	15 000
Sal av rekvisita		10 000
Tilskot		75 000
SUM INNTEKTER		115 000
<i>Variable kostnader</i>		
Medlemsbrev	200	10 000
Rekvisita		5 000
1ste Ostebok		
Nettside		10 000
Messer / matfestivalar		15 000
Lønn		25 000
Andre variable kostnader		10 000
SUM VARIABLE KOSTNADAR		75 000
<i>Faste kostnader</i>		
Marknadsføring		25 000
Reknskapsføring		15 000
Andre faste kostnader		5 000
SUM FASTE KOSTNADAR		45 000
DRIFTSRESULTAT		-5 000

Sak 6: Val

Valnemda innstiller på at alle representantane tek gjenval.